

# NORSKE ARKITEKT KONKURRANSER

Utgitt av Norske arkitekters landsforbund på oppdrag av Klepp kommune



Flyfoto av Kleppe

Parallelloppdrag

## «KLEPPE – MED BARNA I SENTRUM»



Norske arkitekters  
landsforbund



KLEPP KOMMUNE

PRIS KR 79,-



# BAKGRUNN

Klepp kommune har valt å flytte sentrum.

For å teikne alternative bilete av korleis sentrum i Klepp kan utviklast i åra som kjem, har kommunen bedt tre arkitektgrupper med brei kompetanse og ulik innfallsinkel om å teikne kvar sitt framtidsbilde av det nye sentrumsområdet. Prosessen er organisert og gjennomført i samråd med Norske arkitekters landsforbund (NAL).

Forsлага illustrerer alternativ for Kleppe både på ein realistisk og ein visjonær måte, og gir eit rikt tilfang av idéar som kan brukast i vidare byutvikling.

Dette heftet er utarbeidd av ein evalueringskomité som har gått gjennom arkitektane sine forslag og laga ei anbefaling til kommunen. Hovudvekta er lagt på anbefalingane og ikkje på å presentera arkitektgruppene sine forslag, men desse kan de studere nærmare for å kunne hauste frå idéane som dei inneheld.

Forsлага kan sjåast på nettsida til Klepp kommune:  
[www.klepp.kommune.no](http://www.klepp.kommune.no)

For evalueringskomiteen  
Klepp, juni 2016



**Kåre Strand**  
Kommunalsjef Klepp kommune

TEAM

## UTVALDE TEAM

### TEAM 1

C.F. Møller  
Dronninga landskap  
Vista Analyse  
Civitas

### TEAM 2

KAP - Kontor for Arkitektur og Plan  
Brandsberg-Dahls Arkitekter

### TEAM 3

Arkitektgruppen Cubus  
Arnold Håland  
Tone Boska





Utvikling av kommunen sine eigedomar i Kleppe sentrum var tema for Gründercamp på Klepp ungdomsskule i regi av Ugt Entreprenørskap Rogaland 14.06.2013

KOMITE

## EVALUERINGSKOMITÉ

Dei tre forslaga er diskutert og gjennomgått av ein evalueringsskomité med slik samansetning:

**Kåre Strand**

Kommunalsjef  
Klepp kommune

**Peter Willmann**

Fagansvarleg arealplan  
Klepp kommune

**Tom Gyran**

Rogaland Fylkeskommune

**Anne-Kristin Gangenes**

Randaberg kommune

**Bjørn Kristian Røyland**

Statens Vegvesen

**Øystein Bull-Hansen**

Norske arkitekters landsforbund

# KORT OM PARALLELOOPPDRAGET

Parallellooppdraget som form skil seg frå det ein vanlegvis omtalar som arkitektkonurransar. Parallellooppdraget er ein open prosess der fleire utvalde arkitektgrupper belyser ei oppgåvestilling, men der ingen blir kåra som vinner eller blir lova noko etterfølgjande oppdrag. Materialet som arkitektgruppene leverer blir grundig vurdert av ein evalueringsskomité. Deretter gir komitéen sine anbefalingar til oppdragsgjevar om korleis forslaga frå arkitektgruppene best kan nyttas i det vidare arbeidet med prosjektet.

Bakgrunnen for å gjennomføre dette som eit parallellooppdrag var at Klepp kommune ønska ein open prosess med brei fagleg diskusjon. For kommunen var det viktig å sikre at dei utvalde arkitektgruppene kunne dele erfaringar undervegs og få innspel både frå innbyggjarar og andre aktørar. Vidare var det eit ønske at prosessen fram mot ferdige forslag kunne bli påverka undervegs for å sikre at ein til slutt sat igjen med ulike forslag som samla kunne utgjere eit breitt og solid grunnlag for det vidare arbeidet med utviklinga av Klepp sentrum.

I parallellooppdraget deltok tre inviterte arkitektgrupper etter at det var halde ein open anbodskonkurranse med 27 tilbydarar. Dei tre utvalte arkitektgruppene har alle blitt likt honorert. I perioden frå mars til juni 2016 blei det halde oppstartsmøte, midtvegssamling og eit ope møte kor arkitektgruppene presenterte sine forslag. Evalueringssrapporten blei offentleggjort i juni 2016. Det blir ikkje kåra nokon vinner og kommunen står fritt til å nytte dei tre forslaga som innspel i den vidare prosessen.

Parallellooppdraget er gjennomført med bistand fra Norske arkitekters landsforbund.

Utgitt av Norske arkitekters landsforbund  
på oppdrag av Klepp kommune



Norske arkitekters  
landsforbund



KLEPP KOMMUNE

# RAMMEBETINGELSAR

I forkant av parallelloppdraget formulerte kommunen ei målsetjing for Kleppe sentrum som har stått sentralt i arbeidet dei tre arkitektgruppene har utført.

"Parallelloppdraget skal føre til konkrete, gjennomførbare innspel til utviklinga av sentrale deler av Kleppe sentrum. Intensjonen er at resultata kan brukast som grunnlag for nye detaljreguleringsplanar eller eventuelt ein felles områdereguleringsplan for det som skal bli framtidas Kleppe sentrum. Dei folkevalde skal og ta stilling til i kva grad og korleis Klepp kommune kan ta grep til å styre ei ønskja utvikling. Kommunen vil bruke sin posisjon som eigar av store sentrale eigedomar."

Arkitektgruppene fekk presentert dei rammene som aktuelle kommunale planar gir. Kommunen sin visjon og verdisett skulle vere retningsgivande for arbeidet.

I planprogrammet til kommunedelplan for Kleppe sentrum står det følgjande:

«Kleppe i 2024 blir oppfatta som byen kor du finn det attraktivt å bu og koma til, for her skjer det noko spande. Her treff du folk både innandørs og utandørs, her er kultur- og fritidstilbod, leikeplassar og gode handels-tilbod. Kleppe fungerer ikkje utan god og variert handel. Kleppe er målpunktet for alle Kleppsbuar der dei får gjort det meste av den handelen dei har behov for, og der det bevisst blir satsa på aktivitet og opplevingar for å trekke folk til sentrum. Kleppe er ein kompakt tettstad med høg servicegrad der folk trivest.»

I tillegg gjev nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging føringar for arbeidet.

Kommunen skal ha ein aktiv og heilsakleg sentrumspolitikk som skaper eit godt og levande bymiljø.

- Det skal leggjast aktivt til rette for etablering av bustader, arbeidsplasser, handel, service og sosiale møteplasser i sentrum.
- Det er ønskeleg med eit forpliktande samarbeid mellom kommunen og privat næringsliv.
- Arkitektur, kulturminne, landskapsverdiar, vatn og grøne element skal takast aktivt i bruk som ressursar i sentrumsutviklinga.



Kommuneplan for Klepp, 2014-2015



Nasjonale forventninger til regional og kommunal planlegging, vedteke 12.juni 2015

Når det gjeld transport krevst det at:

- Kommunane sikrar høg arealutnytting rundt kollektivknutepunkt og legg til rette for auka bruk av sykkel og gange i dagleglivet.
- Potensialet for fortetting og transformasjon utnyttast før nye utbyggingsområde kan takast i bruk.


Klimagassutsleppa skal reduserast:

- Gjennom energiomlegging og energieffektivisering
- Gjennom planlegging og riktig lokalisering av næringssverksemd, bustader, infrastruktur og tenester.

Regionalplan for Jæren gir bestemmelsar og retningslinjer for senterstruktur og senterutvikling i Jærkommunane. Planen gir retningslinjer for mellom anna avgrensing av senterområde, handelsverksemd, kollektivdekning, og parkering.

I samsvar med regional planstrategi for Rogaland, skal Regionalplan Jæren oppdaterast, inkludert retningslinjer og arealkart. Mellom anna skal retningslinjer for sentrumsutvikling justerast. Arbeidet skal skje i perioden 2017-2020.

Bestemmelsane og retningslinjene vil først og fremst koma til nytte når idéane i parallelloppdraget skal innarbeidast i formelle arealplanar.



Regionalplan for Jæren 2013-2040

### Arkitektgruppene og deira oppgåver

Av 27 arkitektgrupper som melde si interesse blei det valt ut tre.

Alle tre har utvikla heilsakaplege løysingar, men dei fekk eigne fordjupingstema på midtvegssamlinga:

*Arkitektgruppen Cubus skal lage ei god heilsakapsløysing for sentrum med ein barneskule for 350 barn som om-dreiingspunkt. Sjå på utfordringar og moglegheter som ligg i utstrakt sambruk. Korleis kan barneskulen bidra til eit levende sentrum og vice versa. Vise korleis skulen kan integrerast i sentrum og ikkje bli ei barriere. Sjå også på om det er ulike trim-/fritids-/kulturtillit som med fordel burde liggja her og ikkje ved idrettsanlegget i aust. Sjå og på plassering og vidareutvikling av kunstisbanen, og med siktet på ein sommarfunksjon.*

*C.F. Møller skal sjå på ei god heilsakapsløysing for sentrum med sentrumsparken som omdreiingspunkt. Dei skal arbeida vidare med sine turvegar og blå-grøne strukturar med siktet på folkehelse, biodiversitet og handtering av overvatn, og synleggjere desse til ulike tider på døgnet. Sjå og på bebyggelsesstruktur. Sjå spesielt på volumanalyser. Storleiken på parken må og vurderast ut i frå at den skal kunne være ein samlingsstad og ha et tilbod til alle. Sjå dette i kombinasjon med ei skuleløysing.*

*KAP Kontor for Arkitektur og Plan skal sjå på korleis dei kan skapa ei god heilsakapsløysing som inkluderer det store drivhuset som skal fanga opp, vidareutvikla og vise fram alle dei idéar og all den energi og kompetanse som staden rommer. Gjennom å sjå nærrare på innhaldet i drivhuset kan det utviklast skisser til eit bygningskonsept og ein drifts- og finansieringsmodell. Det er og viktig å sjå på dimensjoneringa og samspelet med sentrum. Sommar som vinter, i godt eller dårlig vær.*

*Sjå og vidare på korleis samspelet mellom ein skule og idrettsanlegget kan optimaliserast og korleis Jærvegen kan utviklast til ei attraktiv bustadgate. Etterprøv og om det kan bli attraktive bustader sør for Solavegen, eller om det bør vere næring, eventuelt med bustader på toppen, grunna himmelretninga og Kleppevarden i sør.*



## «Hjarteklepp»

TEAM

C.F. MØLLER

OSLO


MOTTO: «HJARTEKLAPP»


ANDRE I ARKITEKTGRUPPEN:

- Dronninga Landskap
- Vista analyse
- Civitas

### VIKTIGE TEMA


- Fotgjengarbyen
- Sentralparken som attraksjon og tydeleg midtpunkt
- Kleppaksen med sentrale funksjonar rundt
- Levande gater på mjuke trafikantar sine premissar
- Blågrøn struktur og grøn ringgate med nettverk som møtest i sentralparken
- Sentralparken som kommersielt og kulturelt sentrum
- Variert bustadstruktur for alle
- Moderne parkeringsstrategi






3

SNITT B  
PARKEN




4

SNITT SOLAVEG  
Eksisterende situasjon



1. Sentralparken med park og fleirbruksbygg på Sirkustomta.
2. Turløyper med utgangspunkt i sentralparken
3. Sentralparken med forslag til eit fleirfunksjonsbygg
4. Snitt gjennom Solavegen og sentralparken



## «Skolen bruker byen - byen bruker skolen»

TEAM

### ARKITEKTGRUPPEN CUBUS

BERGEN

MOTTO: «Skolen bruker byen – byen bruker skolen»

#### VIKTIGE TEMA


Skule i sentrum – Kva kan ein skule vere?


Spesialrom og felles funksjonar kan ligge mot rådhuset for sambruk av delar av bygget. Aktiv skuleplass til bruk heile dagen kan ligge mot handelsdelen av sentrum og mot park og skapar naturleg møteplass.

Nytt idrettsbygg kan leggast til stadionområdet og vil i tillegg til aktivitetsområdet rundt skulen fungere som gymsal for innandørs trening.

Gode gangsamband må etablerast for sikker ferdsel. Å gå til skulen gir god helse og auka aktivitet. Kommunen kan etablere system for skulegangbuss.

1. Situasjonsplan med skule på Sirkustomta.
2. Perspektiv teikning med Skule vest for Klepp rådhus.
3. Diagram over kvaliteter ein ny skule i sentrum kan gi.
4. Snitt som viser Solavegen, skulen og skuleparken.





## «Klepp allmenning»

TEAM

### KAP - KONTOR FOR ARKITEKTUR OG PLAN

STAVANGER

MOTTO: «Klepp allmenning»

ANDRE I ARKITEKTGRUPPEN:

- Brandsberg-Dahls Arkitekter

#### VIKTIGE TEMA

- Kleppallmenningen – bind saman funksjonar og dannar samanheng
- Kleppelunden inn
- Ein hage til Jærhagen
- Grøn fot
- Landskapsdyner
- Forhagar som missing link
- Plant eit tre
- Frå veg til gate
- Klepp rådhus – nytt liv i gammalt bygg
- Nybyen sør for Solavegen med grøne mellomrom
- Kollektivkuntepunkt og busstrase
- Meieriet skule saman med idrettsanlegget
- Fortetting langs Jærvegen og Stasjonsvegen





1. Perspektivteikning av Klepp allmenning. 2. Jærvegen med ny ungdomsskule på Meieriet 3. Situasjonsplan med tre drivhus. 4. Drivhus i sentrum. 5. Ombygging av Klepp rådhus, som legg til rette for ny bruk og samtidig sparar klimagassutsleppa forbunde med riving og eventuelt nybygg.

# EVALUERINGSKOMITÉEN SINE ANBEFALINGAR

Evalueringskomitéen har, på bakgrunn av ei grundig vurdering av dei tre forslaga og diskusjonar undervegs, kome fram til nokre klare anbefalingar til kommunen. Anbefalingane, saman med strategiar for vidare utvikling, må sjåast som evalueringskomitéen sin konklusjon.

- **La sentrumsparken vere navet**
- **Lag torg og utandørs møteplass**
- **La skulen styrke sentrum og sentrum styrke skulen**
- **Lag gode bumijlø**
- **Nytt sambruk som strategi**
- **Behald reserveareal**
- **Få vatnet opp i dagen**
- **Hugs nord-vesten**
- **Prioriter gåande og syklande**
- **Få gang på bussen**
- **Lag gode gatar**
- **Samle og organisere parkering**


# UTDJUPING AV EVALUERINGSKOMITÉEN SINE ANBEFALINGAR

## 1. LA SENTRUMSPARKEN VERE NAVET

Sentrumsområda har i dag relativt store flater med grøntareal. Desse består stort sett av grasplenar. Dette gjer at dei ikkje har nokon funksjon i innbyggjarane sin kvar dag og dei er lite skjerma mot vêr og vind. Grøntarealet har heller ingen klar samband, verken internt eller ut mot landskapet.

Alle dei tre arkitektgruppene sette fokus på grønstrukturane og det grøne preget sin verknad for trivsel og opphold i sentrumsområda. Grønstrukturane kan i tillegg ha funksjon som transportårer for mjuke trafikkantlar og for kvar dagsturen.

Alle arkitektgruppene opererer med ein stor «allmenning» eller park i området mellom rådhuset og Jærhagen. Dette området er sjølv navet, og alle grønstrukturar bør stråla ut frå denne, enten dei er av lokal karakter eller ut mot grøne mål i landskapet.



Forbindelse til Kleppeloen frå sentrum. Ill: Klepp Kommune

Kleppelunden ligg i dag nær sentrum. Det bør etablerast ein meir direkte kontakt slik at Kleppelunden blir «forlenga» inn i sentrum. Turtrasear bør merkast tydeleg med eigen signatur.

## 2. LAG TORG OG UTANDØRS MØTEPPLASS

Nye Kleppe sentrum manglar eit torg. I forslaga frå både Cubus og C.F. Møller er det vist torg på plassen framfor Håland Kjøtt. Om ein skal klare å få til eit handelstilbod på torget bør det liggje ved Jærhagen. Torget kan liggje i sørveggen på framsida av Jærhagen. Ved at Jærhagen samtidig opnar seg mot torget kan ein få til liv og handel.

Torget bør og knyte seg til ein møteplass i området mellom Håland Kjøtt og skaterampen som ikkje inneheld handel.

Det bør veljast ut nokre tiltak i forbindelse med nytt torg og møteplass som kan etablerast ganske raskt. Eit tiltak for utvikling av sentrum kan vere å prøve ut plasseringa av både torg og møteplass med midlertidige tiltak. Det er viktig å finne den rette plasseringa og den rette storleiken, og ein må gjere tiltak for lokalklima, móblering og vegetasjon. Tomme rom kan verka avisande og mangle dei innrettingane som gjer det mogleg å ta dei i bruk. Områda må derfor móblerast slik at det får den karakter og funksjon me ønsker.

Sentrumparken må fyllast med innhald og møblerast slik at området blir attraktivt for alle aldersgrupper. Viktigast er likevel skjerming som gjer det mogleg å opphalda seg i området i ulike vêrtihøve. I dette vil beplantning vere viktig, men også å utnytte bygningskroppar og eventuelt drivhus for opphold i parken. Det må avklarast om parken skal nyttast også til andre funksjonar som til dømes utandørs skuleområde. Strukturering og móblering må tilpassast dette.

### 3. LA SKULEN STYRKE SENTRUM OG SENTRUM STYRKE SKULEN

I dei nærmaste åra treng Klepp meir barneskulekapasitet. Dersom ein ny skule blir lagt til sentrum, i ein ny sentrumspark, kan barna få eit anngleis läringssmiljø. Skulebarna får eit samansett og spannande uteområde. Leikeplassen for dei minste barna kan evt. gjerdast inne med et parkgjerde. Dette blir ofte også brukt i byparkar. Barna får bruke eit betre bibliotek, flotte fleirbruksrom og dei beste idrettsanlegga. Foreldra kan gjere mange ulike ærend når dei likevel er i sentrum for å hente barna eller gå i møter på skulen.




Liv på torget, ill. KAP.

Sentrums og parken vil også ha stor glede av skulen. Både barna og dei vaksne vil gje liv til parken til langt utpå kvelden og kommunen kan bruke meir pengar på å lage ein skikkeleg park. Når ein byggjer trygge skulevegar lagar ein samstundes gode gang- og sykkelvegar til sentrum. I tillegg vert kommunen sin visjon om at barna er framtida synleggjort.



Barneskule mellom rådhuset og Jærhagen slik Cubus ser føre seg.

Området mellom rådhuset og Jærhagen er den mest aktuelle lokaliseringa av ein sentrumsskule, men også meieritomta kan vera eit alternativ. Dette vil kommunen greie ut hausten 2016.



Meieriet ungdomsskule, ill.KAP.

#### 4. LAG GODE BUMILJØ

Folk har ulike liv, og både sosiale behov og krav til husvære vil endre seg gjennom livet, men marknaden har eit avgrensa utval av typar bustader.

Om kommunen skal ha ein god bustadpolitikk må ein sjå til at det finst ulike bustadtypar i marknaden. Ulike leigebustader og bufellesskap kan vere gode løysingar for mange. Einslege foreldre og eldre kan ha nytte av kvarandre. Små bustader kan ha felles gjesterom og kjøkken så dei kan ha besøk og arrangere lag. Kommunen kan få ting til å skje dersom slike prosjekt blir utvikla, åleine eller saman med utbyggjarar, og få realisert bustader som er sakna i marknaden.



Bustader langs Solavegen. ill.KAP.

#### 5. NYTT SAMBRUK SOM STRATEGI

Ein tradisjonell måte å tenke på er eit eige bygg/lokalitet tilpassa kvar funksjon. I eit relativt lite sentrum og med avgrensa økonomi er sambruk ein annan måte å tenka lokalisering. I vidare planlegging bør ein ta utgangspunkt i funksjonar framføre bygg. Dei tre arkitektgruppene har alle sett fokus på at sambruk skapar kontakt mellom ulike brukargrupper og er god utnytting av bygnings- og anleggsmassen. Ulike funksjonar kan i større grad enn i dag nyta dei same lokalitetane.

Kan bibliotek i større grad enn i dag også vere ein møtestad og arena for diskusjon? Kan biblioteket integrerast i ein eventuell sentrumsskule?

Kan dei kommunale kantinene leggjast ned og dei tilsette nyttja eit kafélokale?

Kan drivhus i sentrum nyttast til samlingslokale, parselldyrking eller framvising av kleppske spesialitar?

Idrettsområde og -hallar har store areal. Kan desse i endå større grad enn i dag nyttast til skulebruk på dagtid? Kan dei opnast for allmenn bruk og leik til visse tider?

Slik sambruk vil ikkje berre vere økonomisk gunstig, men også skape nye møtestader der ulike brukargrupper kan treffast. I tillegg vil sambruksanlegg skape liv i større delar av døgnet enn det spesialbygg vil gjere.

Rådhuset er ei viktig brikke i sambruk. KAP har føreslått ei ombygging av rådhuset som både gjer ein betre miljøprofil og opnar for vidare bruk i mange år, anten det blir som kontor for administrasjonen, eller noko heilt anna.

#### 6. BEHALD RESERVEAREAL

Alle forslag til aktivisering av sentrum inkluderer ein skule i sentrum. Skulen treng gymsal og det er rasjonelt å samordne skulen sine behov med planar om ein ny idrettshall på Kleppe. Det er logisk å tenke på ein fleirbrukshall i sentrum. Eit bygg som kan romme meir enn ein rein «håndballhall» og opnar for sambruk på fleire plan. Her bør kommunen vurdere kombibygg med idrettshall og andre lokale for kulturaktivitetar. Utbygging i fleire byggetrinn kan vera aktuelt.

Fleirbrukshallen bør kunne realiserast uavhengig av framdrifta for ein eventuell ny skule i sentrum. Ein fleirbrukshall i nærleiken av stadionbygget kan vere ei funksjonell løysing. Hallen kan og bidra til å opne stadionområdet mot resten av nye Kleppe sentrum.

Det er inspirerande å ta nye grep og gå laus på det mest sentrale området mellom rådhuset og Jærhagen først. Det er likevel klokt å ha sentrale reserveareal for framtidige funksjonar som vi i dag ikkje har tenkt på.

Det må vere rom for uventa og ukjente prosjekt i framtida. Det er difor viktig å definere ein tomtereserve. Dette kan vere delar av området mellom rådhuset og Jærhagen, deler av meieritomta eller planteskulen/bensinstasjonen. Kommunen bør halde fram med strategiske kjøp av sentrumsnære eigedomar for å kunne ha hand om den langsigte utviklinga i sentrum.



1: Cubus sitt forslag til plassering av fleir brukshall på planteskulen.  
2: Evalueringskomiteen sitt forslag ved tribunebygget.

## 7. FÅ VATNET OPP I DAGEN

Vatn er eit element som ofte blir framheva i sentrumsutforming. Alle dei tre arkitektgruppene peikar på vatn, på noko ulikt vis. Vatn i dagen gir også ein moglegheit til å etablera nokre område med naturleg vegetasjon og fauna. Sjølv om det er mogleg å leggja om eksisterande vassløp og etablera kunstige vassmiljø (dammar, fontener og liknande), så er det mest realistiske å nytte dei førekommstane ein har i dag. Kvernbekken og «vassvegen» langs innkøyringa til Jærhagen ligg begge i sentrumsområdet og kan gjerast meir ut av enn i dag.

Det er utført ei kartlegging av risikoområde ved flaum i sentrum. Denne kunnskapen må også inkluderas i utforminga av vassløpa i sentrum for å dempe flaumfaren.

*«Ved å legge et åpent vassdrag helt inn i sentrum og de nye sentrumsarealene, får man både alle de fine kvalitetene som vannet bringer med seg, til glede for både mennesker og dyr, og et effektivt system for å håndtere flomtopper og striregniper, noe som vil komme oftere og oftere»*  
C.F. Møller – Dronninga Landskap



Vatn i dagen, ill. C.F. Møller.

## 8. HUGS NORD-VESTEN

Framherskande vindretningar kjem frå sør-aust og nord-vest. Tre og annan vegetasjon kan dempe vinden. Det er mogleg å plassere oppholdsareal i le for bygningar. Særleg ved å skjerme for vinden frå nord-vest, kan ein oppnå gode oppholdsareal i solveggen. Nye bygg, som til dømes tilbygg på sørsida av Jærhagen, kan både danne veggane for eit nytt kommersielt torg, og dei kan vere ei viktig brikke i å dempe nord-vesten som i dag øydelegg for uteliv på sletta mellom Jærhagen og rådhuset.



Livet i sentralparken. Ill. C.F. Møller.

For å få kontroll på vinden bør det lagast ein digital vindmodell for å setje alle byggeprosjekt og moglege tiltak i system.

Store opne rom må delast opp for å skape le. Bygningar må utformast slik at dei ikkje skapar vindtunnellar og ugunstige vindtilhøve som øydelegg for elles gode uterom. Kanskje det er mogleg å kombinere skjerming mot vind og vegtrafikkstøy? Mindre lokale skjermar kan skape den gode solveggen.

KAP frå Stavanger overraska med å trekke utelivet inn i vanlege drivhus. Dei er standardiserte, rimelege og eit kjent motiv i Klepp kommune. Drivhusa kan innehalde alt frå ein lesekrok til sandkasse eller parkbenkar der ein kan nyte matpakken.

Ikkje bare stenger dei ute vind og regn, men dei tek og vare på solvarmen ein kald vårdag. Drivhusa kan kombinerast med dei fleste sentrumsfunksjonar og dei fleste forslag til løysingar.




Drivhus som ly for vær og vind, ill. KAP

## 9. PRIORITER GÅANDE OG SYKLANDE

På Kleppe skal det vere lettare å gå og sykle enn å køyre dei korte kvardagsturane, anten til skulen, barnehagen, handle, fritidsaktivitetar, tur, kafeen, parken m.m. Det er avgjerande at gang- og sykkelvegnettet kan opplevast som spanande, raskt, effektivt og trygt.

Å gå og sykle er god folkehelse og klima- og miljøvennlig. For at «Barna i sentrum» faktisk skal kome til sentrum anten det er til skulen eller parken er det nødvendig at det er godt tilrettelagt for alle mjuke trafikantar. Dersom ein kan få fleire til å gå eller sykle blir det også meir folk ute, noko som i seg sjølv er eit mål for eit meir aktivt sentrum.



Oppleveling på skulevegen, ill. Cubus

Å få til gode trafikkløysingar som ikkje ekskluderer bilar er utfordrande, men må løysast særleg langs Jærvegen og Solavegen. Det bør også leggjast til rette for alternative bilfrie gang- og sykkelsamband mellom viktige målpunkt og turruter.

Eigne overbygde sykkelparkerings må plasserast hensiktsmessig i høve til bustader, arbeidsplassar og handel, og det må stillast krav til sykkelparkering i forbindelse med nye bustader og arbeidsplassar.

Sykkelruter som rundar og strekningar ut av sentrum mot mellom anna sjøen og Frøylandsvatnet bør få ei felles tydeleg merking.


Ein viktig akse i ei kortare eller lengre turrute er mellom Sirkustomta og Kvernbekken/Sirkelen. Denne aksen som eksisterer i dag må få ei tydleg merking og vil kunne vere ein viktig del av skuleveg.

Skular må ha gode og trygge skulevegar. Ein ny skule i sentrum vil gje gode gang- og sykkelvegar og betra tilgjenge for alle til sentrum.

Det bør etablerast «Gåbussar» til skulane, som foreslått av Arkitektgruppen Cubus. Gåbuss er vanlegvis foreldrestyrt og organisert slik at det er sett opp faste ruter frå ulike delar av skulekrinsen mot skulen, der borna kan ta følgje med andre born, saman med ein voksen. Gåbuss er bra for miljøet og helsa, gir betre læring og tryggare skuleveg.



Kvernbekken.



Akse mellom Sirkustomta og parken ved Kvernbekken.


## 10. FÅ GANG PÅ BUSSEN

I Regionalplan Jæren er Jærbanen utpeika som hovudkollektivtraseen i Klepp. Det bør difor vere buss til kvar togavgang.

Det bør i tillegg vere enkelt å reise med buss både sørover og nordover. Minstekravet til eit brukbart busstilbod er at det er påliteleg, og at bussen går ofte nok, til faste tider, (nesten) heile døgnet. Det må vere slutt på skuleruter der bussen er innstilt i alle skuleferiar.

Om kleppsbuen skal endre reisevanar må det være enkelt å ta bussen. Dagens knutepunkt i Kleppekrossen bør erstattast av haldeplassar der begge busslinjer møtast. Ein stopp bør leggjast i området ved skateparken, anten i Jærvegen eller i gata mot Håland Kjøtt. Den andre haldeplassen bør leggjast i området mellom rådhuset og Klepp stadion. Dette gir kort veg til handel, bibliotek og idrett.

Etablering av ruteinformasjon i sanntid gjer at ein kan bruke ventetida til handel eller rekreasjon.




Aktuelle område for busshaldeplassar, ill. Klepp kommune.


## 11. LAG GODE GATER

Til tross for fortau på begge sider står både Solavegen og Jærvegen fram som trafikkerte, bilprioriterte vegar. Det å bevege seg til fots gjer ein kun når ein ikkje har noko alternativ.


Arkitektgruppene har vist forslag til korleis Solavegen og Jærvegen kan bli transformert frå vegar til gater, der det er kjekt å bevege seg utan bil. Dette kan gjerast utan at me treng å stenge bilane ute. Redusert hastighet, meir beplantning og breie fortau er nøkkelen for å få dette til. Støyskjerming er og viktig, men ingen ønsker ein høg støyskjerm som ein barriere i sentrum. Støyskjerming mot dekkstøy er då alternativet. For eksempel kan ein låg steingard nær vegen gjera mykje for lyden, utan at ein må byggja tradisjonelle støyskjermar.



Snitt gjennom «Jærgata». Ill. KAP.



Snitt gjennom «Solagata». Ill. C.F. Møller.




Snitt gjennom Solavegen. Ill. KAP.

Innan våren 2017 skal det haldast eit arbeidsseminar om trafikktihøva i sentrum. Fleire faggrupper bør delta. Med testing av ulike verkemiddel kan faggruppa finne fram til støy- og fartregulerande tiltak, soner for kor det kan vere blanda trafikk, og kor det bør vere separate soner for bilar, syklistar og gåande.

## 12. SAMLE OG ORGANISERE PARKERING

«Alle» i Klepp kører til sentrum, sjølv om dei bur i grei gangavstand. Bilar som er parkerte fyller plassen mellom husa i sentrum og alle må kjøpe dyre garasjeplassar ved bustaden om dei har bil eller ikkje. Det er dyrt å byggje bustader med parkering i kjellaren. Om kommunen opnar for at utbyggjarar kan kjøpe seg fri frå å byggje parkering så kan det byggast felles anlegg for alle, både dei som bur og har jobb i sentrum, og dei som har eit ærend der. Parkeringsanlegg er i dag ein vesentleg kostnadsfaktor for nye sentrumsnære bustadar, spesielt for mindre bustadar.

Hovudgrepet her vil vera å utarbeida eigen parkeringsstrategi for sentrum, som tek utgangspunkt i lokale forhold, men som også tek opp i seg nasjonale og regionale føringer. Parkeringsplassar bør lokaliserast slik at det blir meir attraktivt å sykle eller gå til og i sentrum, framfor å bruke bilen.



Forslag til parkeringsstrategi. Ill. C.F. Møller.

# KVA MÅ TIL FOR Å LUKKAST?

Klepp bør ta grep og vere i forkant for å påverke utviklinga. Utvikling blir det i Kleppe, både i dei nærmaste åra og lenger inn i framtida. Parallelloppdraget peikar på at kommunen både treng permanente og mellombelte tiltak på ledig areal. Målet er å gjere sentrum til ein stad der folk ønskjer å opphalde seg, og at folk i Klepp venner seg til å bruke sentrum.

Avhengig av val av skuleløysing, kan enten deler av meieritomta eller deler av «Sirkustomta» bevarast som reserve for meir langsigktige framtidige behov i sentrum. Tiltaka i mellomperioden bør omfatte møblering, klimaskjerming, aktivitetar som leikeplass og gjerne eit drivhus slik KAP har i sitt forslag.

Skal arbeidet med å utvikla sentrumsområda lukkast, må det arbeidast parallelt på fleire nivå:

- Det må utarbeidast strategiar.
- Det må utarbeidast planar etter Plan- og bygningslova og temaplanar.
- Det må setjast i verk konkrete tiltak.
- Kompetanse på ulike fagfelt må byggjast.
- Alt kan ikkje skje på same tid.  
Det må aksepteraast at areal ligg ledig.

Det viktigaste er likevel at både det politiske og administrative miljøet i Klepp tør satsa og er bevisst temaet sentrumsutvikling i alle saker som gjeld området.

## STRATEGIAR FOR VIDARE UTVIKLING

Kommunen har lenge vore ein aktiv aktør som grunneigar i sentrumsområda. Denne rolla gir store moglegheiter til forming av sentrum og bør halda fram og utviklast.

Arbeidet med utvikling av sentrum krev store endringar både hos kommune og innbyggjarar. Dette krev gjennomarbeida og gode strategiar:

- Parkeringsstrategi
- Påvirkningsarbeid for å betre kollektivtrafikktilbodet

- Kommunal bustadpolitikk
- Gjennomføringsstrategi
- Strategi for kommunen som aktør (eigar, drift, tilretteleggjar)
- Strategi for korleis stadsutvikling kan bli eit tema i alle kommunale verksemder
- Strategi for vidare utvikling av Jærhagen og torget (fellesprosjekt)

## KARTLEGGING OG PLANARBEID

Parallelloppdraget har sitt utspring i arbeid med revisjon av Kommunedelplan for Kleppe sentrum. Når arbeidet med parallelloppdraget nå er gjort, må kommunedelplanen ferdigstilla.

Det må utarbeidast reguleringsplanar i tråd med kommunedelplanen og evalueringsrapporten når nye byggjeprosjekt kjem på dagsorden.

Den kommunale planstrategien er under revisjon. Sentrumsutvikling basert på erfaringane frå parallelloppdraget bør nemnast der.

Det bør også lagast konkrete temaplanar for enkeltområde;

- Plan for utforming og møblering av ein sentrumspark
- Plan for utforming og møblering av eit kommersielt torg
- Kartlegging av kva funksjonar som skal liggja i sentrum og kva som kan samlokaliseraast
- Kartlegging av mikroklima

## KOMPETANSEBYGGING

«Barna i sentrum» må bli motoren i stadsutviklingsprosjektet. Vi har allereie ein god politisk forankring. Utkasta frå parallelloppdraget gir innspel til endring. Korleis kan vi få til eit betre sentrum når vi først skal byggje noko, drifte noko eller til og med planlegg noko nytt?

Eit skifte i tankesett krev ei felles forståing av problemstillingane. Det krev også at vi har kunnskap nok om temaet sentrumsutvikling. Det krev også at ein samla administrasjon og det politiske miljøet er samde i at dette er vegen vi går.

Samla sett har administrasjonen høg grad av kompetanse. I arbeidet med sentrumsutforminga bør det etablerast ei sentrumsgruppe der fagpersonar med ulik kompetanse kan utveksla erfaring og kunnskap.

## KONKRETE TILTAK

Ikkje alle tiltak treng lange prosessar for å kunne gjennomførast. Det bør difor setjast i gang nokre tiltak slik at vi alle opplever at vi er i gang:

- Etablere ein direkte kontakt mellom sentrum og Kleppeloen
- Kartfeste og merke interne grønstrukturar og turtraséar ut i landskapet
- Prøve ut «drivhus» som samlingsstad på Sirkustomta
- Etablere flaumdempende tiltak i og rundt sentrum kom binert med naturleg vegetasjon langs vassårene
- Forsterke aksen mellom Sirkustomta og parken ved Kvernbekken



III. KAP



Flyfoto av Kleppø sett mot havet

## Norske arkitekters landsforbund (NAL)

Norske arkitekters landsforbund (NAL) er en fagideell medlemsorganisasjon for over 4300 arkitekter i Norge. Vi arbeider for å fremme god arkitektur og stedsutvikling, og utvikler forbildeprosjekter innen miljø og bærekraft med våre samarbeidspartnere. Vårt mål er å øke miljøkompetansen og tverrfagligheten blant arkitekter, planleggere og øvrige aktører i byggesektoren.

[arkitektur.no](http://arkitektur.no)

## Norske Arkitektkonkurranser (NAK)

Norske Arkitektkonkurranser (NAK) er den eneste publikasjon i sitt slag, der arkitektkonkurransene dokumenteres på en systematisk og profesjonell måte. Her presenteres både vinnerprosjektet og de øvrige premierte, innkjøpte og hedrede utkastene, samt de sentrale deler av juryens kritikk. NAK oppleves av oppdragsgiver som et nyttig redskap i det videre arbeide med gjennomføring av byggesaken, samt at det gir god «markedsføring» for oppdragsgiveren og for prosjektet som skal realiseres.

